



OSTERØY SOKNERÅD

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 10.03.25
Møtestad: Haus kyrkjelydshus
Møtetid: Kl. 17.00-21.00
Møte nr: 02/2025

Frammøtte: Bjarte Aarland, Magne Vikne, Otto Mo, Evy Bysheim Pedersen, Miriam Skjelvik Kalland, Kari Vevle Reigstad, Liv Rivenes, Jan Roald Myking, Kristin Merete Nøttveit, Sigmund Faugstad og Astrid Marie Haugland.

Sekretær: Linda G. Lunga

Forfall: Anne Cecilie Skeidsvoll.

SAKSLISTE FELLESRÅDSSAKER:

SIDE:

SAK 07/25: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	2
SAK 08/25: GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 23.01.25	3
SAK 09/25: REKNESKAPSAVSLUTNING FOR 2024 OG JUSTERT ÅRSBUDSJETT ROR 2025	4-11
SAK 10/25: LEDLYS I HAMRE KYRKJE	12
SAK 11/25: PLENKLYPPAR TIL KYRKJEGARDANE	13-14

SAKSLISTE SOKNERÅDSSAKER:

SAK 03/25: GODKJENNING KYRKJEMUSIKKPLAN	15-18
SAK 04/25: MISJONSPROSJEKT	19
SAJ 05/25: ÅRSMELDING	20
SAK 06/25: ORIENTERINGSSAKER	21-22

Lonevåg 14.03.25

Bjarte Aarland
Leiar

Linda G. Lunga
Sekretær



DEN NORSKE KYRKJA

OSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	07/25
Arkivnummer	414

Godkjenning av innkalling og saksliste

Bakgrunn

Godkjenning av innkalling og saksliste til møte 10.03.25.

Vedtak i Osterøy sokneråd: Årsmeldinga kjem som soknerådssak.



DEN NORSKE KYRKJA

OSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	8/25
Arkivnummer	414

Godkjenning av protokoll frå møte 23.01.25

Bakgrunn

Godkjenning av protokoll frå møte 23.01.25.

Vedtak i Osterøy sokneråd: Godkjent.



DEN NORSKE KYRKJA

ØSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	09/25
Arkivnummer	133

REKNESKAPSAVSLUTNING FOR 2024 OG OPPDATERT ÅRSBUDSJETT FOR 2025

Vedlagt er rekneskapsavslutninga for 2024. Den viser eit mindreforbruk på kr 55034,- for 2024. Soknerådet vedtar inndekkinga av udekket i investeringsregnskapet på kr 120 000, skal overføres fra bruk av kyrkjefondkonto i regnskapet.

Vedtak:

I 2023 vart det gjort ein feil ved at det vart budsjettert og bokført bruk av ubundne investeringsfond med kr 120 000,-. Det var ingen ubundne investeringsmidlar tilgjengelig å bruke av. Dette beløpet er difor flytta til post "Udekka i investeringsrekneskapet". Dette kan dekkast inn via fondet "Kyrkjefond" i fastsettelsesvedtak for 2024-rekneskapet.

Tillegg:

I årsbudsjettet er dei 90 000,- frå kyrkjebevaringsfondet lagt til i investeringsrekneskapet og det ønska tilskotet frå Osterøy kommune er difor justert.

Osterøy sokn
Årsregnskap 2024

Driftsregnskap

Osterøy sokn

	Note	Regnskap 2024	Revidert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	8,9	923 238	954 500	954 500	
Refusjoner/overføringer		526 049	703 000	703 000	
Kalkulatorisk innt. ved komm. tj.yting	3	200 000	200 000	200 000	
Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke		674 283	620 000	620 000	
Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.	3	5 694 991	5 695 000	5 695 000	
Tilskudd fra soknets organer		92 736			
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler		327 735	60 000	60 000	
Sum driftsinntekter		8 439 032	8 232 500	8 232 500	-
Lønn- og sosiale utgifter	6	4 728 935	4 475 000	4 475 000	
Kjøp av varer og tjenester		2 698 739	2 822 500	2 822 500	
Refusjoner/overføringer		435 594	700 000	700 000	
Kalkulatoriske utg. ved komm. tj.yting	3	200 000	200 000	200 000	
Tilskudd og gaver		391 404	40 000	40 000	
Sum driftsutgifter		8 454 672	8 237 500	8 237 500	-
BRUTTO DRIFTSRESULTAT		-15 640	-5 000	-5 000	-
Renteinntekter og utbytte		70 674	5 000	5 000	
Netto finansinntekter/-utgifter		70 674	5 000	5 000	-
Avskrivninger	7	81 869	100 000	100 000	
Motpost avskrivninger	7	-81 869	-100 000	-100 000	
NETTO DRIFTSRESULTAT		55 034	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	4,10	210 414	265 449		
Sum bruk av avsetninger		210 414	265 449	-	-
Avsatt til dekning for tidligere år (undersk.)		265 449	265 449		
Sum avsetninger		265 449	265 449	-	-
MER-/MINDREFORBRUK	10	-	-	-	-

Investeringsregnskap

Osterøy sokn

	Note	Regnskap 2024	Revidert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
Investeringer i anleggsmidler	7	80 000	80 000		
Utlån, kjøp av aksjer og andeler o.l.	7	20 677	25 000	25 000	
Avsetninger		406 536	406 536		
Årets finansierungsbehov		507 213	511 536	25 000	-
Sum eksternt finansiering		-	-	-	-
Bruk av avsetninger	4,10	507 213	511 536	25 000	
Sum finansiering		507 213	511 536	25 000	
Udekket/Udisponert	10	-	-	-	-

Balanse


Osterøy sokn

	Note	2024	2023
Anleggsmidler		1 003 697	-
Faste eiendommer og anlegg	7	5 000	
Utstyr, maskiner og transportmidler	7	789 263	
Aksjer og andeler	7	209 434	
Omløpsmidler		3 888 448	-
Kortsiktig fordringer		1 044 889	
Kasse, bankinnskudd		2 843 559	
SUM EIENDELER		4 892 145	-
Egenkapital		2 704 189	-
Disposisjonsfond	2,4	1 610 129	
Bundne driftsfond	4	210 364	
Udekket i investeringsregnskapet	10	-120 000	
Kapitalkonto	5	1 003 697	
Kortsiktig gjeld		2 187 956	-
Annen kortsiktig gjeld	8,9	2 187 956	
SUM EK OG GJELD		4 892 145	-

Dato: 10.03.25

Linda G. Lunga

Linda Gripsgård Lunga
Kirkeverge Osterøy sokn


Fellestrådsleder

Noter Osterøy sokn

Note 1: Regnskapsprinsipper og vurderingsregler

Fellesrådets regnskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke fastsatt av Barne- og familiedepartementet 8. desember 2020 og god kommunal regnskapsskikk. De kommunale regnskapsprinsipper innebærer blant annet at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalte anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter medtas i drifts- eller i investeringsregnskapet. I balanseregnskapet er omløpsmidler vurdert etter laveste verdis prinsipp. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset økonomisk levetid er avskrevet med like store årlige beløp over anleggsmiddelets levetid. Se for øvrig egen note om anleggsmidler.

Note 2: Sammenslåing til ettsoknskommune

Med virkning fra 01.01.24 er Osterøy kyrkjeleg fellesråd og de tidligere soknene i Osterøy (Hamre, Hosanger, Bruvik, Haus og Gjerstad) samlet i Osterøy sokn. Balanseverdier i Osterøy kyrkjeleg fellesråd pr. 31.12.23 er videreført i regnskapet til Osterøy sokn. Sammenligningstall for 2023 er ikke tatt med i resultat og balanse da enheten Osterøy kyrkjeleg fellesråd er slettet, og Osterøy sokn har et annet organisasjonsnummer. Balanse i de 5 innlemmede soknene bestod pr. 31.12.23 kun av bankinnskudd og egenkapital. Bankinnskuddene er overført til Osterøy sokn. Det er opprettet et ubundet fond for hvert av soknene som tilsvarer egenkapital i soknet ved sammenslåing.

Enhet	Sum eiendeler 31.12.23	Sum egenkapital 31.12.23
Haus sokn	258 068	258 068
Hosanger sokn	79 104	79 104
Hamre sokn	145 223	145 223
Gjerstad sokn	244 070	244 070
Bruvik sokn	8 090	8 090
Osterøy kyrkjeleg fellesråd	5 243 267	1 803 565
	5 977 822	2 538 119

Note 3: Tilskudd fra kommunen

Osterøy sokn har i år mottatt totalt kr 5.694.991 i tilskudd fra kommunen.

Det er også bokført avtale om tjenesteyting på kr 200.000.

Note 4: Avsetninger

Spesifikasjon over fond, avsetning til og bruk av fond 2024

Konto	Type fond	Overført	Årets avsetninger	Årets bruk av avsetninger	UB
5.56-5.58	Disposisjonsfond	2 247 755	0	637 627	1 610 129
5.51-5.52	Bundne driftsfond	290 364	0	80 000	210 364
	SUM:	2 538 119	0	717 627	1 820 493

Note 5: Transaksjoner ført mot kapitalkonto

Dato	Beløp	Tekst
01.01.2024	984 889	Overført
I løpet av året	80 000	Aktivering
I løpet av året	20 677	Egenkapitaltilskudd
I løpet av året	-81 869	Avskrivning
31.12.2024	1 003 697	UB

Note 6: Pensjon og ytelser til ledende personer

Osterøy sokn har pensjonforsikring i KLP. Dette er i samsvar med tariffavtalen i KA. Kostnaden er utgiftsført med 461.930 i regnskapet. Kr 229.194 er dekket fra premiefond.

Det har ikke vært lønn i de 5 soknene, kun i fellesrådet. Sammenligningstall for 2023 i lønnsnote består derfor av verdier fra Osterøy kyrkjelege fellesråd.

	2024	2023
Innbet. premie/tilskudd inkl adm	523 919	970 825

Innbetalingen av premie/tilskudd, fratrukket 2% trekk for ansatte, er det som føres som pensjonsutgift i regnskapet.

	2024	2023
Estimert forpliktelse/midler 31.12.		
Brutto påløpt forpliktelse	11 294 961	10 816 436
Pensjonsmidler	11 422 094	10 943 709
Netto pensjonsforpliktelse	-127 133	-127 273

	01.01.2024	01.01.2023
Medlemsstatus		
Antall aktive	10	12
Antall oppsatte	13	12
Antall pensjoner	10	9

Ytelse til kirkeverge	746 451	596 830
-----------------------	---------	---------

Note 7: Anleggsmidler

Konto 52121 Aksjer Kirkepartner AS

Overført	1 000
Balanseført verdi 31.12.2024	1 000

Konto 52122 Egenkapitalinnskudd KLP

Overført	187 757
Årets egenkapitalinnskudd	20 677
Balanseført verdi 31.12.2024	208 434

Konto 52403 Inventar

	Overført	Aktivering	Avskrivning	UB
Avskrivningstid 10 år	-	80 000		80 000
Balanseført verdi	-	80 000	-	80 000

Konto 52400 Utstyr, maskiner og transportmiddel

	Overført	Avskrivning	UB
Overført - 10 års avskrivningstid	211 560	52 890	158 670
Overført - 10 års avskrivningstid Lastebil (2023)	579 572	28 979	550 593
Balanseført verdi 31.12.2024	791 132	81 869	709 263

Konto 52701 Kirker

	Overført	Aktivering	Avskrivning	UB
Avskrivningstid 50 år	5 000			5 000
Balanseført verdi	5 000	-	-	5 000

Note 8: Forskuddsbetalt gravstell

Forskuddsbetalt gravstell står på egen bankkonto, som er balanseført i regnskapet mot gjeldskonto 53203. Total saldo pr. 31.12.2024 på legatene er kr 662.306
Det er utført tjenester i 2024 på legatene som er inntektsført med kr 70.000.

Note 9: Forskuddsfakturert festeavgift

Nytt i økonomiforskriften fra 2024 (§4 (5)): Forskuddsbetalte avgifter for feste av grav kan inntektsføres når de innbetales. Tidligere har dette blitt inntektsført ved fakturering. Kr 70.750 av fakturert inntekt var ubetalt pr. 31.12.24, og er derfor flyttet til 2025.

Note 10: Resultat og strykninger

Resultat før strykninger viser et mindreforbruk på kr 55.034 i driftsregnskapet. I henhold til Økonomiforskriften §17,3 er derfor budsjettert bruk av disposisjonsfond delvis strøket. Etter dette balanserer driftsregnskapet.

Investeringsregnskapet viser et udisponert resultat på kr 4.323. I henhold til Økonomiforskriften §17,3 er budsjettert bruk av disposisjonsfond delvis strøket. Etter strykning balanserer investeringsregnskapet.

I 2023 ble det gjort feil en feil ved at det ble budsjettert og bokført bruk av ubundne investeringsfond med kr 120.000. Det var ingen ubundne investeringsmidler tilgjengelig å bruke av. Dette beløpet er derfor flyttet til post Udekket i investeringsregnskapet.

Fellesrådet vedtar inndekning av udekket i investeringsregnskapet, kr 120.000.



DEN NORSKE KYRKJA OSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	10/25
Arkivnummer	710

LEDLYS I HAMRE KYRKJE

Det er no klart at vi får kr 90 000,- til ledlys i Hamre kyrkje frå Kyrkjebevaringsfondet. Kyrkjeverja har søkt Osterøy kommune om den same summen. Dette skulle koma som sak i møte 20.februar. Det er henta inn tilbod frå tre leverandørar.

1. Thunestvedt: ledlys i koret og i skipet (uten stillas): 218 750,-. Inkl mva (m/stillas kr 55 000,- ekstra).
2. Hansen Industri Elektro: Ledlys i kort og skipet, inkl stillas og demontering: 292 500,- inkl Mva.
3. Eirik Hatletveit i firmaet VEA Vest AS: Vert ettersendt denne veka.

Forslag til vedtak:

Soknerådet veltil å utføre jobben i Hamre kyrkje.

Soknerådet avventer svar frå Osterøy kommune til i deira møte i april før arbeidet iverksetjast.

Vedtak:

Soknerådet ber kyrkjeverja gå gjennom tilboda og ta kontakt med den billigaste.

Soknerådet avventar oppstart av jobben til det føreligg svar frå Osterøy kommune på søknaden om økonomisk bistand etter deira møte i april.



DEN NORSKE KYRKJA OSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	11/25
Arkivnummer	821

NY PLENKLYPPAR TIL KYRKJEGARDANE

Det er behov for ein ny plenklyppar til kyrkjegardane. Kyrkjeverja har søkt Osterøy kommune om stønad til dette. Søknaden var levert inn til deira møte 20.februar, men vart ikkje tatt opp. Det er von om at det kjem opp til neste møte i starten av april.

Oddvar Høgli har henta inn fleire pristilbod frå tre ulike leverandørar og vil sjølv vere tilstades på møte og legge fram dei ulike klypparane:

1. Nellesmann machinery:

Spider 2SGS (ILD02), fjernstyrt klyppar (på lager) Kr 225.000,- eks mva + frakt. Modell med lavere tyngdepunkt og elektronisk innsprøyting.

Leasing av samme maskin: Startleie kr 50 000,-, terminleie 3.485,-. Termingebyr 75,-, etabl.gebyr 2.995,-.

(evt ta Raideren i innbytte og som et innskudd på leasing)

Kubota grasklypparar med dieselmotor:

F-252 ca kr 250.000,- eks mva (inkl 152 cm klypparbord)

F391 ca 310.000,- eks mva (inkl 152 eller 183 cm klypparbord)

2. Solberg Mek.verkstad:

Raymo fjernstyrt grasklyppar m/batteri, batterilader, fjernkontroll og opplæring kr 568100,- inkl.mva.

Husquarna klippeaggregat: kr 175 048,20 inkl mva.

Husquarna klippepanne combi: kr 241 197,98 inkl mva.

3. Felleskjøpet:

Avant 220 tilbud vedlagt.

Kr 258.000,- Eks Mva. Leasing 5 år fra 0,- kr 5062,- pr termin.

[AVANT 220 :: Avant](#)

Se også på JD X900 serien, finnes med 4x4 og frihjul sving. Mulighet for klippepadde i front og eller bak.

[X900 serien | Dieseldrevne traktorklippere | Gressklipping | John Deere NO](#)

[Pris:](#)

4. Eiksenteret:

Efi Rider kr 223 375,- inkl. Mva.

Det er uvisst om Osterøy kommune bidrar med stønad til ny plenklyppar. Soknerådet må avgjere om vi skal avvente svar frå kommunen til i april om vi skal gå til innkjøp eller lease.

Forslag til vedtak:

Soknerådet utset avgjersla til svar frå Osterøy kommune kjem om det vert innkjøp eller leasing.

Vedtak:

Soknerådet stemte for å hente inn pris frå Røskeland maskin og leige dei til klypping på kyrkjegardane frå mai til oktober 2025. Prisen er avgjerande og må hentast inn i god tid før iverksetjing.



DEN NORSKE KYRKJA

OSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	3/25
Arkivnummer	370

GODKJENNING KYRKJEMUSIKKPLAN

Vedlagt er kyrkjemusikkplanen til godkjenning. Invitasjon til komitè for kyrkjemusikk ligg som vedlegg. Trent og Ivar ønskjer å informere om tankane bak kyrkjemusikkplanen og om ideèn om ein kyrkjemusikk komitè.

Vedtak:

Kyrkjemusikkplanen er godkjent slik den ligg føre. Godkjenning av musikkomitè treng ikkje behandlast i soknerådet.

Osterøykyrkja/soknerådet

Plan for kyrkjemusikk i Bruvik, Gjerstad, Haus, Hamre, Hosanger

Innleiing

Kyrkja på Osterøy skal vera ei levande kyrkje for menneske i alle aldrar og livssituasjonar. Dei skal oppleva seg sett av både Gud og medmenneske. Kyrkjemusikken gjev tolking og formidling av den kristne trua. Den er kyrkjelyden sitt felles svar på Guds tale til oss og gjev næring til både det åndelege- og det ålmenne menneskelege livet.

Hovudmålsetjing for kyrkjemusikkarbeidet

Kyrkjemusikkarbeidet på Osterøy skal inngå i ein heilskap med dei andre arbeidsgreinene i kyrkjelyden, både trusopplæring og diakoni

- Kyrkjelyden ynskjer å bidra aktivt til å utvikla det musikalske uttrykket i kyrkja sitt arbeid på Osterøy. Gjennom gudstenestearbeid, kyrkjelege handlingar, øvrige musikalske tiltak som konsertar etc. skal tradisjon og fornying gå hand i hand.
- Kyrkjemusikken i kyrkjelyden har fleire siktemål. Den skal både ha ein sjølvstendig kunstnarleg dimensjon og samstundes møta det enkelte mennesket på ein inkluderande måte.
- Kyrkjemusikken på Osterøy skal formidla Guds tale til menneska i kyrkjelyden og samstundes formidla deira søking til Gud.
- Kyrkjemusikken på Osterøy skal ha som mål å styrkja banda mellom innbyggjarane og kyrkjene i kyrkjelyden.

Planarbeid/støtte

- Det skal lagast konkrete årsplanar kvart år frå august til august med oversikt over bl.a. ulike gudstenesteformer. Dette skal integrerast med plan for trusopplæring.
- Det skal opprettast eit gudstenesteutval under soknerådet der dei sentrale medarbeidarane er med. Utvalet skal først og fremst skissera den overordna målsetjinga.
- Det skal formulerast ein strategi for korleis musikkarbeidet i kyrkjelyden skal delast mellom forskjellige former for frivilligheit og engasjement av profesjonelle musistarar.
- Soknerådet skal bidra til at medarbeidarane søker fagleg utvikling/oppdatering m.a. med deltaking i kurs/seminar o.l.
- Soknerådet skal sørgja for at oppdatert materiale, aktuell gudstenestemusikk etc. er tilgjengeleg for dei tilsette i kyrkjelyden.

Konkrete tiltak

- Vokale tilbod/tiltak i kyrkjelyden. Desse skal sjåast i samanheng m.a. med trusopplæringsplanen slik at dei utgjer ein livsdekkande heilskap. Gudstenestearbeidet skal ha prioritet med forsongargrupper og korggrupper, evt. på prosjektbasis.

- Systematisk arbeid med å invitera lokale songarar og instrumentalistar til å medverka både solistisk og i grupper.
- Utvikla kyrkjemusikalske prosjekttiltak både for barn og vaksne og søkja om eksterne midlar til å gjennomføra desse.
- Arrangera minst 2 salmekveldar i året med spesielt sikte mot å gjennomgå salmar til bruk i den komande perioden.
- Setja av midlar til engasjement av profesjonelle musikarar og nødvendig teknisk utstyr.

Formidling

- Orgelet skal vera kyrkjelyden sitt hovudinstrument, men ein skal samstundes gi rom for alternative instrumenter, orkester/band.
- Kyrkjene skal vera opne hus for alle musikarar både ved gudstenester og konsertar.
- Kyrkja skal i den grad det er ressursar satsa på alternative gudstenesteformer, men også på høgmesser spesielt på høgtidsdagar, der ein har ekstra ambisjonar og ressursar så kyrkjelyden kan få særlege opplevingar både i glede og sorg.

Samarbeid, kommunikasjon og arbeidsmiljø

- Ein open dialog mellom sokneråd/fellesråd og kyrkjemusikarar
- Eit godt og ope samarbeid mellom kyrkemusikar, prest og dei øvrige tilsette
- Ei open linje til skular og kulturaktørar i kyrkjelyden.
- Samstundes med at ein arbeider ut i frå kyrkja sin musikalske tradisjon, skal ein i møte med kyrkjelyden bidra til at den enkelte kjenner seg anerkjent med sin eigen kulturelle og musikalske bakgrunn.

Finale

Ved inngangen til kvart arbeidsår skal kyrkjelyden ved staben ha eit møte der innhaldet i det komande år blir konkretisert ut i frå dei ressursar som er til rådvelde. Store og arbeidskrevjande tiltak skal ein naturlegvis førebu over et lengre tidsrom.

Komiteen for kyrkjemusikk på Osterøy

Osterøy sokn har vedteke å setja ned ein komite for kyrkjemusikk etter retningslinjer frå kyrkjemøtet i 2008. Komiteen vert utpeika for eitt år om gongen med start første gong i i august 2025. Ein tenkjer at komiteen har møte to gonger i halvåret. Dei viktigaste oppgåvene er:

- Å støtta utvikling av musikkaktivitetar i samspel med annan kultur i kyrkjene på Osterøy
- Å koma med innspel til aktivitetar knytt til gudstenester/anna kyrkjeleg arbeid (trusopplæring etc.) på Osterøy
- Å samarbeida med kyrkjemusikarane i planlegging og utvikling av konsertar/arrangement i varierte musikalske stilarter. Vera rådgjevar for sokneråd og stab.

Komiteen skal ha kyrkjemusikarane og ein prest som fast medlem. Utover det tre frivillige. Vi spør med dette om du vil vera med som medlem i komiteen.

Linda Gripsgård Lunga, Astrid Marie Haugland, Ivar Mæland og Trent Bruner
Osterøy sokn



DEN NORSKE KYRKJA OSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	04/25
Arkivnummer	310

MISJONSPROSJEKT

Det har tidlegare vore snakka om å velje eit spesifikt misjonsprosjekt for Osterøy sokn. Tida er inne til å starte ein diskusjon om kva vi skal velje. Tenk gjennom innan møte kva for misjonsprosjekt du vil at Osterøy sokn skal gå for. Slik kjem vi eit stykke vidare til å lande på eit endelig prosjekt, slik at det kan vere klart til starten av 2026.

Vedtak:

Soknerådet vil fase ut dei misjonsprosjekta som er i dag og vil frå januar 2026 setje opp eit nytt prosjekt. Innan dess ber ein kyrkjeverja finne 3-4 ulike prosjekter som kan presentere sitt misjonsprosjekt for soknerådet.



DEN NORSKE KYRKJA OSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	05/25
Arkivnummer	411

ÅRSMELDING FOR 2024

Vedlagt er årsmelding for 2024 til godkjenning.

Vedtak:

Årsmeldinga vart godkjent etter desse rettingar:

Legge inn mindreforbruket.

Informasjon om kven som har tatt bildene.

Eiga overskrift om Haus kyrkjelydshus.

Ta med bruopninga i informasjonen om Haus kyrkje.

Rette "dårleg" oppslutning på Ole Bull ferja til: Kunne hatt betre oppslutning.

Legge til under Hosanger kyrkje: Pynting av kyrkja.

Legge til informasjon om Osterøytunet.



DEN NORSKE KYRKJA OSTERØY SOKNERÅD

Dato	10.03.25
Saksnummer	6/25
Arkivnummer	414

ORIENTERINGSSAKER

- **Årsmøte 16.mars, etter gudstenesta i Haus kyrkje.**
- **Kapellanstillinga, ny utlysning:** Kjem i april.
- **Kantor/organiststillinga:** Det har kome 3 søkjarar. Adm.utvalet får mynde til å ferdigbehandla tilsetjinga.
- **Kyrkjeblad og årsmøte:** Evy informerte om kyrkjebladet og om årsmøte 31.mars i kyrkjelydshuset i Haus. Revisor for Osterøy sokn er Jan Roald Myking. Ved røysting på årsmøte gjeld ei røyst frå kvart sokneråd.
- **Konstituering av styret for Haus kyrkjelydshus:** Møte vert 19.mars.
- **9.april: Møte med frivillige, kyrkjetenarar, organistar og prest.**
- **Opplæring i "Kyrkja Vår" er utsatt:** Utsatt til neste møte 8.mai.
- **Påskennattgudsteneste i Hamre kyrkje:** Ida Greve er prest.
- **Nytt trusopplæringsarbeid for 5.-7. klasse på Haus:** Kyrkjevevja leste opp kva som er tenkt i dette nye trusopplæringsarbeidet.
- **Fastelys i gudstenestene:** Astrid Marie orienterte om betydningen av desse lysa.